



Nordhordland Næringslag
Kvassnesveien 11

5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/633 - 17/34916

Saksbehandlar:
Tove Mette Arnø Fyllingen
ftm@lindas.kommune.no

Dato:
11.12.2017

Søknad om støtte frå næringsfondet til forprosjekt havbruk

Vedlagt følgjer saksutgreiing med vedtak.

Med helsing
Tove Mette Arnø Fyllingen
avdelingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk.



Andre mottakarar:

Nordhordland Næringslag

Jorunn K Fosse

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
089/17	Formannskapet	PS	19.10.2017
100/17	Formannskapet	PS	23.11.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hogne Haugsdal	17/633

Søknad om støtte frå næringsfondet til forprosjekt havbruk

Vedlegg :

Endring - søknad om midler frå næringsfondet

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

- Lindås kommune løyver kr 100.000 frå næringsfondet til forprosjekt havbruk

Formannskapet løyver kr 200.000,- til forprosjektet, men ligger til grunn for løyvanden at næringslivet og eventuelt andre offentlige instanser dekker kostandene med hovedprosjektet. Lindås kommune er med å starte opp prosessen, men vil ikkje være med å dekke neste steg i prosjektet, og ein ber ein finna annen finansiering for denne delen.

Formannskapet - 089/17

FO - behandling:

Karl Vågstøl var ugild og deltok difor ikkje i handsaming av denne saka.

Framlegg frå B.Vatnøy-Frp:

Denne saken er i tråd med samfunnsplanen i Lindås og formannskapet ønsker å gå i dialog med Nordhordland næringslag og ønsker å være delaktig i prosjektet.

Formannskapet utsetter saken og ber om eit møte mellom prosjektet og formannskapet før kommunestyret sitt møte 02.11.2017, slik at vi kan sikre god fremdrift.

Framlegget frå B.Vatnøy vart samrøystes vedteke.

FO - vedtak:

Denne saken er i tråd med samfunnsplanen i Lindås og formannskapet ønsker å gå i dialog med Nordhordland næringslag og ønsker å være delaktig i prosjektet.

Formannskapet utsetter saken og ber om eit møte mellom prosjektet og formannskapet før kommunestyret sitt møte 02.11.2017, slik at vi kan sikre god fremdrift.

Formannskapet - 100/17

FO - behandling:

K.Vågstøl-H var ugild og deltok difor ikkje i handsaming av denne saka. Formannskapet er enig i denne vurderinga. Spørsmålet vert sendt til kommuneadvokaten for vurdering for liknande saker.

Framlegg frå Frp og H ved B.Vatnøy:

Formannskapet løyver kr 200.000,- til forprosjektet, men ligger til grunn for løyvnaden at

næringslivet og eventuelt andre offentlige instanser dekker kostandene med hovedprosjektet. Lindås kommune er med å starte opp prosessen, men vil ikkje være med å dekke neste steg i prosjektet, og ein ber ein finna annen finansiering for denne delen.

Framlegget fekk 3 røyster og fall (Frp og H)

Framlegg A.Valle-SP

Rådmannen sitt framlegg med tillegg

Nytt pkt. 2 :

Ved eit evt. hovedprosjekt må det søkjast ei breiare finansiering, både innafor næringa og aktuelle kommunar.

Framlegget vart vedteke mot 1 røyst (O.L.Mjøs-Krf)

FO - vedtak:

1. Lindås kommune løyver kr 100.000 frå næringsfondet til forprosjekt havbruk2. Ved eit evt. hovedprosjekt må det søkjast ei breiare finansiering, både innafor næringa og aktuelle kommunar.

Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i formannskapet

Bakgrunn:

I samband med vårens runde med næringsfondssøknader sendte Nordhordland Næringslag inn ein søknad om eit prosjekt for å utvikle havbruksnæringa i Nordhordland. Nordhordland Næringslag (NONL) er den største næringsforeningen i Nordhordland med ein medlemsmasse på over 300 verksemdar.

I vurderinga av søknaden hadde administrasjonen dialog med NONL, det var fleire forhold som var uklare og som kommunen ønska å klarlegge. Basert på den dialogen har NONL spissa og konkretisert innhaldet tydeligare i søknaden. Mellom anna har NONL hatt ei tydeligare forankring mot havbruksverksemdene som bør vera interessert i prosjektet. I tillegg har NONL vald å dela prosjektet i to, dvs eit forprosjekt og eit hovudprosjekt.

Utgangspunktet for NONL sin søknad er å vidareutvikle den sterke havbruksnæringa i regionen gjennom teknologi- og kompetanseutvikling. Prosjektet skal bidra til å løfte heile bransjen, både på leverandør- og oppdrettsiden. I arbeidet skal det bli tenkt regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

NONL legg opp til å etablere eit prosjekt på inntil 3 år og deler det opp i eit forprosjekt (9 – 12 mnd) og eit eventuelt hovudprosjekt (2 år). I første omgang blir det søkt støtte til eit forprosjekt, og følgjande tiltak er tenkt å utført i denne fasen:

Vi har følgende konkrete tiltak som ønskes utført/avklart i forprosjektet:

1. Fremskaffe oversikt over aktørene i Nordhordland innen havbruk
2. Fremskaffe oversikt over alle som er leverandører (direkte) til havbruksnæringen og som har firmaadresse i Nordhordland
3. Få frem hva som er «hull» /utfordringer for næringen (lokalt/nasjonalt)
 - Avklare hvilke miljøer som kan bistå i løsninger (lokalt/nasjonalt)
4. Forankre et samarbeid med NCE Seafood Innovation
5. Forankre havbruksprosjektet blant aktørene
 - Felles møtepunkt/forum (gjennomføre 2 møter i forprosjektperioden)
 - Individuelle møter med aktuelle aktører
 - Etablere intensjonsavtaler med utgangspunkt i teknologi- og målformuleringer
6. Utarbeide en rapport som tilkjennegir konkrete oppgaver for et hovedprosjekt og som i tillegg inkluderer:
 - Konkurransesituasjonen
 - Teknologisituasjonen
 - Suksesskriterier

Sentrale tema som vil prege prosjektet i begge fasar er:

- Kommunane sitt arealplanarbeid
- Teknologitviking knytt til oppdrett og med vekt på anlegg og utstyr
- Kompetanseutvikling (bl.a avklare mulige nye tilbod ved vidaregåande skular)
- Miljøomsyn.

I prosjektet vil NONL, ved behov, nytte lokale aktørar som Industriutvikling Vest og Næringshagen i Masfjorden/Gulen som samarbeidsaktørar. I tillegg vil forprosjektet vurdere kva for forskings- og utviklingsmiljø som kan bidra inn i eit mulig hovudprosjekt.

Finansiering

Totalbudsjettet for forprosjektet er på kr 500.000 og det blir søkt om totalt kr 225.000 frå Lindås kommune. Det er også lagt opp til at Sparebanken Vest skal bidra med kr 225.000 og NONL med kr 50.000. I eit eventuelt hovudprosjekt vil det bli søkt om kr 450.000 frå Lindås kommune.

Vurdering:

I den nye kommuneplanen sin samfunnsdel er det lagt særleg vekt på havbruk og på å bruka sjøen og kystlina. I strategi 20, under industri og næring, blir det sagt følgjande: *Bruke sjøen og kystlina i større grad til næringsretta aktivitet, med vekt på berekraftig utvikling og miljø.* I tillegg er det lagt inn eit eige mål knytt til havbruk, med tilhøyrande strategiar:

TEMA 2: Industri og næring

MÅL 5: Vi vil at Lindås skal vere blant dei fremste på Vestlandet innanfor havbruk

Dette skal vi få til ved å:	Føringar for kommunepleanen sin arealdel	Oppfølging i underordna planar/tiltak
STRATEGI 24: Regulere og oppretthalde areal på land og i sjø til havbruk der det er miljømessig forsvarleg	Sikre areal på land og i sjø	Reguleringsplanar
STRATEGI 25: Leggje til rette for å støtte teknologiutvikling innan havbruk og framtidens behov til metodar, teknologi, kompetanse og leveranse		Strategisk næringsplan og næringsfond
STRATEGI 26: Arbeide for å få eit teknologisenter for havbruk i kommunen i samarbeid med høgskule, universitet og industri		Strategisk næringsplan

Søknaden frå NONL vil kunne bidra til å støtte opp om både mål og strategiar i samfunnsdelen, og vil danne eit godt kunnskapsgrunnlag for ei mulig vidare satsing rundt havbruk i regionen. Forprosjektet legg opp til å skaffe kunnskap om aktørar, teknologi og kompetanse, samt ha ei forankring inn mot dei aktuelle verksemdene og andre relevante aktørar.

Det som er viktig å få avklart i dette forprosjekt er kva dei ulike aktørane i regionen kan bidra med i det vidare arbeidet. Lindås kommune gir i dag driftsstøtte til Industriutvikling Vest (IUV) og ønskjer at dette selskapet skal utvikle seg vidare som eit utviklingsselskap, mellom rundt grunderskap og forretningsutvikling. Ettersom forprosjektet og hovudprosjektet for havbruk er retta inn mot teknologiutvikling og forretningsutvikling, ønskjer Lindås kommune at forprosjektet vurderer Industriutvikling Vest si rolle i eit evt. hovudprosjektet. Lindås kommune har også fått invitasjon til å vere med i ei styringsgruppe og då er det naturleg å følge opp denne problemstillinga der.

Støtte frå næringsfondet

Det er klart at denne søknaden støttar overordna mål og strategiar for utvikling av industri, næring og havbruk i Lindås kommune. I retningslinene for næringsfondet til Lindås kommune, punkt 3B, står det at fondet kan nyttast til kommunen sitt eige arbeid med næringsutvikling, mellom anna «prioriterte prosjekt/satsingar i overordna planar og/eller relevante fagplanar»

Det er søkt Lindås kommune om totalt kr 225.000 for eit forprosjekt i 2017 og 2018. Dei andre finansieringskjeldene er Sparebanken Vest og NONL. Totalbudsjett er kr 500.000

Rådmannen meiner at budsjettet på kr 500.000 for eit slikt forprosjekt er høgt, det er primært snakk om eit kartleggings- og analysearbeid. I tillegg er dette eit prosjekt med regionalt nedslagsfelt, her burde fleire kommunar og evt. næringsaktørar støtta prosjektet med finansiering. For Lindås kommune kan dette prosjektet bidra til utvikling innafor eit område som kommunen har ei overordna satsing på. Med bakgrunn i dette vil Lindås kommune støtte forprosjektet med kr 100.000 frå næringsfondet.

Støtte til eit evt hovudprosjekt vil bli vurdert etter at forprosjektet er ferdig. Per oktober 2017 står det kr 207.000 på næringsfondet.

